



**POLITIHØGSKOLEN**

## STUDIEPLAN

### VIDAREUTDANNING FOR AVANSERTE INFORMANTHANDSAMARAR

**Modul 2**  
10 studiepoeng

**OG**

### INFORMANTRETTLEIARAR

**Modul 3**  
5 studiepoeng

Godkjent i høgskolestyret  
4. desember 2013

## 1. Innleiing

Informanthandsaming er eit utfordrande arbeidsområde, og det vert stilt store krav til tenestemennene som er involverte i informanthandsamingsprosessen. Metoden byr på etiske, juridiske og polititaktiske utfordringar. For at bruken av informantar skal gi resultat må informanthandsamarane og -rettleiarane vere personleg skikka.

Det vert stilt omfattande krav til korleis politiet handsamar informasjon og informantar. I Rundskriv 2003/012 frå Politidirektoratet går det fram at det skal vere ei «ordning med faste informanthandsamarar og -rettleiarar i kvart politidistrikt»<sup>1</sup>. Ein informanthandsamar er ein tenesteperson som er utpeikt og utdanna til å ha direkte kontakt med informanten. Informantrettleiaren er ein særskilt utpeikt tenesteperson som etter gjennomgått opplæring skal føre tilsyn med informanthandsamaren.

Kravet til kvalitetskontroll, struktur, notoritet og påtalemessig forankring står i denne samanhengen sentralt. Informasjonen som politiet hentar inn, må vere brukande og påliteleg. Kontakten som politiet har med informantar, må vere sikker og underlagt ein effektiv kontroll som tek vare på grunnleggande rettar og rettstryggleik. Dette inneber auka medvit rundt kva type informasjon som vert henta inn, korleis innhentinga skjer, etterkontroll, vidare distribusjon og bruk av informasjonen.

Utdanninga for informanthandsaming og -rettleiing er lagt opp etter følgjande modell:

Modul 3: Informantrettleiarar 5 studiepoeng
Modul 2: Avanserte informanthandsamarar 10 studiepoeng
Modul 1: Grunnkurs i informanthandsaming Ingen studiepoeng

---

<sup>1</sup> Rundskriv 2003/012 frå Politidirektoratet, kap. 1: innleiing 4. avsnitt

Grunnkurset (modul 1) vert gjennomført i politidistrikta etter kursplan godkjent av Politihøgskolen. Denne opplæringa gir ikkje studiepoeng. Modulane 2 og 3 er vidareutdanningar med studiepoeng og vert gjennomførte ved Politihøgskolen.

## 2. Føremål

Føremålet med utdanningane er å medverke til at polititilsette kan gjennomføre avansert informanthandsaming og -rettleiing med høg kvalitet og i samsvar med gjeldande retningsliner.

## 3. Modul 2. Avanserte informanthandsamarar - 10 studiepoeng

### 3.1 Målgrupper og opptakskrav

#### 3.1.1 Målgruppe

Målgruppa er først og fremst polititilsette som har, eller er tiltenkte å ha, informanthandsaming som ei av sine primære oppgåver. Det er ein føresetnad at deltakarane vert valde ut i samsvar med dei lokale kompetanseplanane.

Studiet er ope for søkjarar frå politiet i dei andre nordiske landa og tilsette i Forsvaret og Tolletaten.

#### 3.1.2 Opptakskrav

Søkjarane må:

- ha politiskole-/politihøgskoleutdanning eller anna relevant utdanning
- vere tilsette i politi- og lensmannsetaten i Noreg eller eit anna nordisk land, i Forsvaret eller i Tolletaten
- ha minst 3 års praksis etter avslutta grunnutdanning
- ha bestått grunnkurset for informanthandsamarar (modul 1) ved Politihøgskolen
- ha erfaring som informanthandsamar
- ha relevante arbeidsoppgåver under utdanningsperioden

Erfaring frå etterforskning eller gjennomført vidareutdanning i etterforskning frå Politihøgskolen er ein fordel.

Søkjarane må anten dokumentere generell studiekompetanse eller utdanning som svarar til minst 60 studiepoeng, eller ha realkompetanse som kan erstatte manglande formell kompetanse.

Etter særskilt vurdering kan det gjerast unntak frå kravet om 3 års praksis. For søkjarar frå andre etatar/land kan det gjerast unntak frå kravet om fullført modul 1.

## **3.2 Læringsutbyte**

### **3.1.2 Generell kompetanse**

Studentane kan etter avslutta utdanning

- syne auka innsikt og tryggleik i rolla som informanthandsamar
- identifisere og vurdere etiske dilemma i arbeidet
- sjå verdien av kvalitet i informanthandsaminga

### **3.2.2 Kunnskapar**

Etter avslutta utdanning har studentane kunnskap om

- det rettslege grunnlaget for informanthandsaming
- regelsett som styrer sentrale arbeidsoppgåver innanfor informanthandsaming
- aspekt ved informantverksemda som går på rettstryggleik og etikk
- justisfeil
- polititaktikk i samband med informanthandsaming
- organisering og praktisk gjennomføring av informanthandsaming
- kontrollrutinar for informanthandsaming
- kva notoritet rundt handsaminga av informantar har å seie
- kommunikasjon med informantar
- moglegheiter og avgrensingar knytt til informantinformasjon i etterforskingar
- førebuing og gjennomføring av rettsoppmøte

### 3.2.3 Ferdigheiter

Etter avslutta utdanning kan studentane

- gjere greie for dei rettslege føresetnadene for informanthandsaming og bruken av denne typen informasjon
- vurdere og ta avgjerder i samband med informanthandsaming
- grunngi verdien av kvalitet, kontroll og distribusjon av informantinformasjon
- identifisere og rekruttere potensielle informantar
- identifisere og vurdere praktiske utfordringar i arbeidet
- dokumentere, kontrollere, strukturere og distribuere informantinformasjon
- identifisere og gjennomføre ei enkel strategisk rekruttering av ein informant
- planleggje og gjennomføre møte med høgrisikoinformantar

### 3.3. Organisering og arbeidskrav

Studiet er lagt opp som deltidsstudium med samlingar og studiearbeid utanom samlingane. Utdanninga tek om lag 280 timar. Dette omfattar undervising, øvingsoppgåver, øvingar, individuelt arbeid, nettbasert arbeid og litteraturstudium. Arbeidsmåtene i studiet skal gi studentane godt læringsutbytte, og særleg klargjere sambandet mellom teori og praksis. Det vert lagt vekt på varierte arbeidsformer med mykje studentaktivitet.

Samlingane utgjer ca. 140 timar fordelt på éi samling på 35 timer og éi på 105 timar (denne inneheld ei fullskalaøving som går over fleire dagar). Det er obligatorisk å delta på samlingane. Øvingane vil truleg gå utover ordinær arbeidstid. Øvingane tek utgangspunkt i saker og rollespel.

Den siste samlinga vert gjennomført for informanthandsamarar og -rettleiarar samstundes. Informanthandsamarane har dels separat opplegg under samlinga, dels felles aktivitetar med informantrettleiarane. Informanthandsamarane skal i samarbeid med informantrettleiarane planleggje og gjennomføre fleire møte med markør utanfor lokala til Politihøgskolen. Det vert lagt stor vekt på samspelet mellom handsamarane og rettleiarane.

Ei nettbasert læringsplattform vert nytta til administrering og pedagogisk gjennomføring av studiet.

### Arbeidskrav

Arbeidskrav som må vere oppfylte og godkjende før studentane kan ta eksamen:

- Eit refleksjonsnotat etter første samling om etiske og juridiske utfordringar i rolla som informanthandsamar (inntil 1200 ord).<sup>2</sup>
- Ei individuell oppgåve om eit tema innanfor informanthandsaming (inntil 1600 ord).

### 3.4 Vurdering

Studentane vert vurderte kontinuerleg og får tilbakemeldingar under utdanninga etter særskilte kriterium som er forankra i definisjonane av læringsutbyte. Dei som ikkje oppnår tilfredsstillande læringsprogresjon, må avslutte utdanninga.

Studiet vert avslutta med ein individuell skriftleg heimeeksamen over 6 timar. Karakterane er bestått / ikkje bestått.

### 3.5 Litteratur (645 sider)

#### 3.5.1 Obligatorisk pensum

Cialdini, R. B. (2011). *Påvirkning: Teori og praksis* (2. utg.). Oslo:

Abstrakt. Pensum: s. 17-307 (290 sider).

Billingsley, R. (2009): *Covert Human Intelligence Sources: The “Unlovely” Face of Police Work*. UK: Waterside Press, part 1; page 29-56, part 2 and 3 (100 sider).

Billingsley, R., Nemitz, T. & Bean, P. (Eds.) (2001). *Informers: Policing, Policy, Practice*. Devon: Willian. Pensum: kap. 1-7 (118 sider).

Jebens, S. V. (2004). *Menneskerettigheter i straffeprosessen*. Oslo: Cappelen. Pensum: s. 407-434 (Selvinkriminering og utradisjonelle etterforskningsmetoder) (27 sider).

---

<sup>2</sup> Tidspunkt for innlevering av arbeidskrava er fjerna

Rachlew, A. (2009). *Justisfeil ved politiets etterforskning - noen eksempler og forskningsbaserte tiltak*. (Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo, Det Juridiske fakultet). Pensum: Del II, Artikkel 3: Politi og Informanter - Partnere i lovens navn, uten lov, s. 1-110 (110 sider).

### 3.5.2 Tilrådd litteratur

Fahsing, I.A. & Gottschalk, P. (2008). *Kriminelle organisasjoner: Hvordan forstå organisert kriminalitet*. Bergen: Fagbokforlaget. s. 187-218 (32 sider).

Gottschalk, P. & Hansen, M. L. (2011). *Etterretningsprosessen: Fra strategi til implementering*. Oslo: Unipub. Innleiing, kap. 1-4 og kap. 7 (93 sider).

Halvorsen, V. (2003). Utradisjonelle etterforskningsmetoder i et samfunnsvitenskapelig og etisk perspektiv. I T. Myklebust & G. Thomassen (Red.), *Det utfordrende politiarbeid: Om krisehåndtering og utradisjonelle etterforskningsmetoder: Forskningskonferansen, 12. og 13. august 2003* (PHS forskning; 3). Oslo: Politihøgskolen. (9 sider).

Lai, L. (1999). *Dømmekraft*. Oslo: Tano Aschehoug. s. 9-88 (79 sider).

NOU 2009:15. (2009). *Metodekontrollutvalget: Skult informasjon - åpen kontroll*. Oslo: Departementenes servicesenter. Kap 26.

Prop. 147 L (2012-2013). (2013). *Endringer i straffeprosessloven mv. (behandling og beskyttelse av informasjon)*. Oslo: Justis- og beredskapsdepartementet. kap. 4.

Rasch-Olsen, A. (2008). *Informantbehandling i politiet: En kartlegging av konsekvenser og faktorer, som påvirker effektiviteten ved politiets bruk av informanter*. (Masteroppgave, Politihøgskolen). (210 sider).

### 3.5.3 Skal vere kjent

Pensum på modul 1 i grunnopplæringa:

Den Europeiske Menneskerettskonvensjon. Artikkel 2, 6 og 8.

Høgsterettsavgjerder: 1) Rt. 1984 side 1076 (grunnvilkåret), 2) Rt. 2000 side 1223 (Trondheimssaka) og 3) Rt. 2002 side 246 («35 kg-saka»)

Oslo Tingrett: Saksnummer: 10-039728MED-OTIR/04 (Shapour Ezazi)

Oslo Tingrett: Saksnummer: 12-089256MED-OTIR/01

Politidirektoratet. (2003). *Rundskriv 2003/12 med vedlegg: Normalinstruksen om politiets behandling av informanter*. Oslo: Direktoratet. (6 sider).

Politidirektoratet. (2009). *Grunnleggende verdier, moral og etikk: En innføring i etikk for ansatte i politi- og lensmannsetaten*. Oslo: Direktoratet. (27 sider).

Rasch-Olsen, A. (2011). *Politiets bruk av informanter: Et nødvendig onde*. Bergen: Fagbokforlaget. (121 sider).

Riksadvokaten. (2000). *Vederlag til politiets kilder og provokasjon som etterforskningsmetode* (Rundskriv, nr. 2). Oslo: Riksadvokaten. (6 sider).

Rui, J. P. (2009). Om retten til å forholde seg taus og retten til ikke å måtte bidra til egen domfellelse. *Tidsskrift for strafferett*, (1), s. 47-68 (21 sider).

Straffeprosessloven (1981). *Lov om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven) av 22. mai 1981. § 216 L og § 242 A*. Lest 10. mai 2010: <http://www.lovdatab.no/all/nl-19810522-025.html>



## 4. Modul 3. Informantrettleiarar - 5 studiepoeng

### 4.1 Målgruppe og opptakskrav

#### 4.1.1 Målgruppe

Målgruppa er først og fremst polititilsette som har, eller er tiltenkte å ha, ein funksjon som informantrettleiar på tenestestaden sin. Det er ein føresetnad at deltakarane vert valde ut i samsvar med dei lokale kompetanseplanane.

Studiet er ope for søkjarar frå politiet i dei andre nordiske landa og tilsette i Forsvaret og Tolletaten.

#### 4.1.2 Opptakskrav

Søkjarane må:

- ha politiskole-/politihøgskoleutdanning eller anna relevant utdanning
- vere tilsette i politi- og lensmannsetaten i Noreg eller eit anna nordisk land, i Forsvaret eller i Tolletaten
- ha minst 3 års praksis etter a utdanning som informanthandsamar
- ha bestått vidareutdanninga for avanserte informanthandsamarar (modul 2) ved Politihøgskolen

Erfaring frå etterforsking eller gjennomført vidareutdanning i etterforsking frå Politihøgskolen er ein fordel.

Etter særskilt vurdering kan det gjerast unntak frå kravet om 3 års praksis som informanthandsamar.

Etter særskilt vurdering kan det òg gjerast unntak frå kravet om bestått vidareutdanning for avanserte informanthandsamarar (modul 2). Søkjarane må då dokumentere realkompetanse som informanthandsamarar. I tillegg må dei anten dokumentere generell studiekompetanse eller utdanning som svarar til minst 60 studiepoeng, eller ha realkompetanse som kan erstatte manglande formell studiekompetanse.

## 4.2 Læringsutbyte

### 4.2.1 Generell kompetanse

Etter avslutta utdanning kan studentane

- syne auka innsikt og tryggleik i rolla som informantrettleiar
- identifisere og vurdere etiske dilemma i arbeidet som informantrettleiar
- sjå verdien av kvalitet i informanthandsaminga

### 4.2.2 Kunnskapar

Etter avslutta utdanning har studentane kunnskap om

- grunnleggande rettleiingsmetodikk
- organisering av informanthandsaming
- rettleiing av informanthandsamarar

### 4.2.3 Ferdigheiter

Etter avslutta utdanning kan studentane

- nytte grunnleggande rettleiingsmetodikk ved rettleiing av informanthandsamarar
- kvalitetssikre all aktivitet i samband med informanthandsaming
- vurdere og ta avgjerder i samband med rolla som informantrettleiar

## 4.3 Organisering og arbeidskrav

Studiet er lagt opp som deltidsstudium med samling og studiearbeid utanom samlinga. Utdanninga tek om lag 140 timar. Dette omfattar undervising, øvingsoppgåver, øvingar, individuelt arbeid, nettbasert arbeid og litteraturstudium. Arbeidsmåtene i studiet skal gi studentane godt læringsutbyte, og særleg klargjere sambandet mellom teori og praksis. Det vert lagt vekt på varierte arbeidsformer med mykje studentaktivitet.

Samlinga utgjer om lag 105 timar, og er obligatorisk. Øvingane vil truleg gå utover ordinær arbeidstid.

Samlinga vert gjennomført for informantrettleiarar og informanthandsamarar samstundes. Informantrettleiarane har dels separat opplegg under samlinga, dels felles aktivitetar med informanthandsamarane. Informantrettleiarane skal i samarbeid med informanthandsamarane planleggje og gjennomføre fleire møte med markør utanfor lokala til Politihøgskolen. Det vert lagt stor vekt på samspelet mellom rettleiarane og handsamarane. Det vert gjennomført ei felles fullskalaøving som går over fleire dagar.

Ei nettbasert læringsplattform vert nytta til administrering og pedagogisk gjennomføring av studiet.

### *Arbeidskrav*

Arbeidskrav som må vere oppfylte og godkjende før studenten kan ta eksamen:

- Ei individuell oppgåve om eit tema innanfor informantrettleiing (inntil 1600ord)

### *4.4 Vurdering*

Studentane vert vurderte kontinuerleg og får tilbakemeldingar under utdanninga etter særskilte kriterium som er forankra i definisjonane av læringsutbyte. Dei som ikkje oppnår tilfredsstillande læringsprogresjon, må avslutte utdanninga.

Studiet vert avslutta med ein munnleg eksamen med utgangspunkt i ei sak. Karakterane er bestått / ikkje bestått.

### *4.5 Litteratur (210 sider)*

Gjems, Liv. (2001). *Veiledning i profesjonsgrupper: Et systemteoretisk perspektiv på veiledning*. Oslo: Gyldendal Akademisk. (125 sider).

Mathisen, P. & Høigaard, R. (2004). *Veiledningsmetodikk: En håndbok i praktiskveiledningsarbeid*. Kristiansand: Høyskoleforlaget. (s. 26-111)